

Utvikling av brukarstyrte lærings- og meistringstilbod for personar med KOLS i Sogn og Fjordane og deira pårørande

Bakgrunn

Prosjektet skal vere eit incitament til å kvalitetsutvikle eit varig og godt tilbod til personar med KOLS, utvikla innafør LMS og LMS ideologien. Denne ideologien inneber aktiv deltaking og påverknad frå brukarar i planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltak. Det ligg utfordringar i å etablere lærings- og meistringstilbod i eit fylke som Sogn og Fjordane, der folk bur spreidd, kan ha lang veg til LMS eller til andre personar i same situasjon som dei sjølv, og slik lett kan bli isolerte med sine problem. Det er kjent at personar med KOLS ofte vert sosialt isolerte på grunn av sitt handicap (Haave, 2003). Det ligg difor spesielle utfordringar både i høve til pasientgruppa sine diagnosespesifikke problem, og i høve til geografi. Erfaring frå dette prosjektet vil ha overføringsverdi til LMS - tiltak til denne brukargruppa spesielt i andre rurale strok.

Hovudmål

Hovudmålet med prosjektet er å etablere likeverdige og tilpassa lærings- og meistringstilbod til alle personar med KOLS som er busette i Sogn og Fjordane og deira pårørande. Tilboda skal vere bygd på lik vektlegging av brukarar og fagfolk sin kompetanse.

Delmål

a) Kvalitetsforbetre lærings- og meistringstilboda til personar med KOLS i Sogn og Fjordane og deira pårørande til tilpassa og tilgjengelege tilbod for flest mogeleg brukarar i fylket

- Planlegge og gjennomføre kurs for helsepersonell i spesialisthelsetenesta som skal drive desentraliserte KOLS-skular på to lokalsjukehus (kurs 1).
- Planlegge og gjennomføre kurs for helsepersonell i Sogn og Fjordane som skal ha dagleg omsorg for KOLS- pasientar (kurs 2).
- Etablere forum for helsepersonell som arbeider med pasientar med KOLS i Sogn og Fjordane
- Planlegge oppstart av KOLS-skular ved to lokalsjukehus i fylket i samarbeid med lokale aktørar
- Rettleiing og systematisk evaluering av dei igangsette tiltaka

b) Sette i gang nye brukarstyrte oppfølgingstilbod som er tilgjengelege og kjende for alle brukarar i fylket

- Utdanne to - fire kvalifiserte kursleiarar til sjølvhjelpskurs
- Gjennomføre sjølvhjelpskurs to- fire stader i fylket
- Etablere eit lett tilgjengelig brukarnettverk for personar med KOLS i Sogn og Fjordane

c) Nytte standard metode for LMS for kvalitetsforbetring av lærings- og meistringstilboda

Gjennomføring/tiltak

Ein vil nytte "standard metode for å kvalitetsutvikle læringstilbud" ved LMS i alt arbeid i prosjektet. Dette inneber at same gruppe deltek i alle delar av prosessen, og at erfarne brukarar er sentrale deltakarar. Den etablerte arbeidsgruppa skal gjere dette. I tillegg vil ein rekruttere lokale brukarar. Evaluering av tiltaka vil bli gjort etter kvart tiltak med "standard metode" med anonyme spørjeskjema Ein vil tilsette prosjektmedarbeidarar i 25% stilling under LMS i Helse Førde. Elles vert fagfolk leigd inn etter behov. (Avhengig av tildeling av stimuleringsmidlar frå Nasjonalt kompetansesenter for læring og meistring, NKLM.) Ein vil nytte seg av ressurspersonar i Helseføretaket til rådgiving. Vi tenker her spesielt på Kompetansesenter for habilitering og rehabilitering i Helse Vest i høve til faglege råd, og informasjonsarbeidarar i Helse Førde for hjelp til utvikling av nettside for brukarnettverket. Ein vil rekruttere fleire brukarar og tilrettelegge for opplæring av kursleiarar i likemannsarbeid. Nytt kurset "Å leve et friskere liv" og finansiere reise og opphald for 2- 4 personar. Gjennomføre kurs og etablering av likemannsgrupper

Ønska resultat

Prosjektet skal gi kvalitetsforbetring av lærings- og meistringstilbod for personar med KOLS i Sogn og Fjordane og deira pårørande. Tilboda skal vere tilpassa spreidd busetnad, og bygd på likeverd i bruk av brukarar og fagfolk sine erfaringar og kunnskapar. Nye tiltak skal settast i gang i 2009 dersom ein får midlar til dette. Det er eit mål at tiltak som er etablerte i prosjektperioden seinare skal drivast i regi av Helse Førde og brukarar. Erfaringar frå det lokale prosjektet skal ha overføringsverdi til andre tiltak, spesielt i rurale område.

Ein vil og få utvikla erfaring med og evaluere bruk av standard metode for kvalitetsutvikling av læringstilbod utarbeidd av Nasjonalt Kompetansesenter for læring og meistring ved kronisk sykdom.